

Kartlegging av risiko ved sviing av kystlynghei i **Fitjarøyane**



Utarbeida av Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor, februar 2022

Forord

Fitjar kommune søkte og mottok kr 25 000,- i tilskot frå Miljødirektoratet til risikovurdering ved lyngsviing i Fitjarøyane i 2015.

Fitjarøyane er eit verdifullt kulturlandskapsområde med kystlynghei. Område er eit av to utvalde referanseområder i Hordaland. Område består av mange øyer med små kystgardar og husmannsplassar og her er mange grunneigarar. Dei fleste øyane har gardstun, jordbruksareal og kystlynghei.

Etter stor fråflytting på -80 og -90 talet vart drift og skjøtsel av kystlynghei redusert. Frå 2000 talet har det vore stimulert til å ta opp att drift med beitedyr, restaurering av beiteareal, fjerning av sitkagran og sviing.

Arbeidet med å restaurere og skjøtte kystlynghei på mange av øyane er godt i gang, men det er ei utfordring å få nok sviing i lyngbeita. Dette er ei problemstilling som både brukarar, Fitjar kommune og Statsforvalteren ser. Denne kartlegginga av risiko for ukontrollert brann ved planlagt sviing, er meint å være til hjelp for både grunneigarar og brannetaten.

Me trur at utarbeiding av plan for sviing og kartlegging av historiske fakta kring sviing og skjøtsel gir grunneigar og brukar nyttig kunnskap og bevisstheit kring sviing. Dette trur me vil gje større tryggleik for å skjøtte lyngbeite med sviing.

Erfaring frå denne kartlegginga vil kunne nyttast i andre områder.

20.02.2022

Aase Rygg Nøttveit.

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor,



Innhold:

| | |
|------------------------------------------|----|
| Føremål | 6 |
| Områdeskildring | 6 |
| Driftsformer | 6 |
| Restaurering av kystlynghei | 7 |
| Sviing av lyngbeite | 7 |
| Utfordringer ved sviing | 8 |
| Tiltak for å få gjennomført meir sviing | 8 |
| 14 punkt om lyngbrenning | 9 |
| Risikovurdering – modell. Tabell 1 | 10 |
| Risikovurdering – øyer/områder. Tabell 2 | 11 |
| Områdeskildring alle øyer. Tabell 3 | 12 |
| Kartfesta risikovurdering | 18 |
| Oppsummering | 19 |



Føremål ved kartlegging av risiko ved sviing av kystlynghei

Metoden for å oppnå målet er å utarbeide ein informasjonsbase som brannetat og grunneigar/brukar kan bruke for å vurdere risiko på konkrete områder ved planlagt sviing. Brannetat vil ha nytte av denne kunnskapen ved spørsmål om planlagt sviing. Fitjar kommune har ansvar for å legge til rette for skjøtsel av kystlynghei som utvalgt naturtype. Fakta kunnskap om risikofaktorer som vegetasjon og landbruksdrift i områder gir grunnlag for å avklare risiko ved gjennomføring av sviing.

- Stimulere til meir sviing av kystlynghei
- Minske risiko for ukontrollert brann ved sviing av kystlynghei
- Vise forskjell på områder med liten risiko for skade og område med stort skadepotensiale om brann kjem ut av kontroll

Områdeskildring

Fitjarøyane er eit mangfald av øyer og holmar som ligg vest for Stordøya mellom Fitjar og Bømlo. Kommune grensa vart i 1995 flytta slik at øyane lengst mot vest i dag ligg i Bømlo kommune.

Sjølv om "Fitjarøyane" omfatter alle øyane, er det dei som i dag høyrer til i Fitjar kommune, som er med i denne kartlegginga. Det har vore fast busetting på ca 30 av desse øyane. I dag bur det menneske på 3-4 av øyane. Ca 17 øyer vert i dag beita og skjøtta. Området er prega av skjergard, berg og lynghei, men inne på øyane er det godt oppdyrka jordbruksteigar og kystgardar. Øyane lengst ute er opne, med lågt vaksande lyng. Her er ikkje spreinga av lauvtre kome så langt som lenger aust. Lenger inne er det øyer med mykje buskfuru og sitkagran som vart planta på 1900 talet. Mange av øyane ber preg av attgroing med einer, einstape, lauvtre og bartre. Frøing av sitkagran er eit stort problem for den utvalte kulturlandskapet kystlynghei i Fitjarøyane. Det er bygd hytter på fleire øyer dei siste 50 åra. Dette kan være ei utfordring for beiting og skjøtsel av lyngbeite.

Kulturlandskapsverdier

Kystlyngheiane er rekna som ein utrydningstruga kulturlandskapstype. Fitjarøyane vart i 1986 føreslått som nasjonalt verneområde, mellom anna for å ta vare på denne naturtypen. Heilskapen i kulturlandskapet er forma av fiskebonden som nytta alt arealet som var tilgjengeleg på desse små kystgardane. Innmarka som er rydda for stein har skapt flotte kulturminne i form av steingardar, rydningsrøyser og ferdsselsvegar. Her er mange tun frå 1800 talet med våningshus, lør, uthus og sjøhus.

Frå 1900 talet vart det planta furu og gran og frå 1970 vart det planta sitkagran. I etterkant er det stor semje om at planting av sitkagrana var ei feilvurdering grunna ukontrollert spreing i det tradisjonelt opne kystlandskapet.

Driftsformer

Tidlegare vart enga slått, lyngheiene hausta og tare sankt til vinterfôr. Det vart dyrka både potet og korn og på alle gardane var det både storfe og småfe. Dyretallet i område er redusert drastisk sidan 1970. Mange øyer er heilt utan skjøtsel.

På eigedomane som har landbruksdrift er det i dag husdyrproduksjon som er næringsverksemd. Sauehald dominerer, med unntak av Fonno kor det er beiting av både storfe og småfe.

På dei små kystgardane vart areala nytta maksimalt og lyngen hausta til vinterfôr, derfor var sannsynlegvis ikkje sviing ein sterk tradisjon her, slik som i andre lyngheiområde med større areal. I dag er sviing heilt nødvendig for å fornye lyngbeita og hindre attgroing av skog. Dei siste 5 åra er denne skjøtelsesforma tatt opp på fleire øyer. Kunnskap om sviing er

mangelvare og det krev meir planlegging når områda er attgrodd og lyngen gamal. Dette er difor ein kunnskap som for dei fleste grunneigarar og brukarar må lærast på nytt.

Restaurering av kystlyngbeite

Der lyngbeite er på veg til å bli skog må beite restaurerast før skjøtsel med sviing kan tas opp att. Ofte brer eineren seg og tilvekst av lauvtre, aukar sterkt. Spreiing av sitkagran er ein stor utfordring som må prioriterast høgt. Dette er eit framandt treslag i Noreg og har vist seg å ikkje kunne kombinerast med kulturmark kystlynghei. Der det ikkje går beitedyr som et spirer kan det vurderast som bortimot ein "katastrofe" for det opne kystlandskapet.

Ved restaurering må difor all sitkagran fjernast og det haster mest med dei store trea som nå frør seg. Dei eldste trea er store og krev både utstyr og kompetanse for å hogge. Det vert mykje hogstavfall så der det er mogeleg å bruke fliskutter kan det være ein god løysing, men ofte er det brenning som vert løysinga.

Der trær, buskar og einar har etablert seg i lyngbeite bør det ryddast manuelt. Det er eit tidkrevjande arbeid, men mange erfarer at det er enklast å gjere dette før sviing. Beitedyr kombinert med rydding er ein stor føremon.

Ein restaureringsplan strekk seg gjerne over 8-10 år. Når gammal lynghei vert svidd tek det lenger tid før nyetablert lynghei er etablert. Sauene er spesielt glad i dei nye lyngskota som kjem etter sviing, slik at dei held nede dei nye plantane i lyngbeite. Det vert difor ein balanse mellom å ikkje svi for store areal på ein gong, men stadig ha områder som er nysvidd. I dei nysvidde områda vil mange gras og urter vekse og gje godt sommarbeite fram til røsslyngen er etablert. Når lyngbeite er etablert vil det være naturleg å tenke på ny sviing etter ca 10 år eller når lyngplanten er omlag 20-30 cm høg.

Sviing

Det er minst arbeidskrevjande å svi områda som er opne og ikkje trengs og ryddast først, men dei områda med mest lyng og som difor har potensiale til å få eit betre beite raskt vil som regel prioriterast. Planen for kor og når områda skal sviast må og vurderast etter vindforhold den dagen forholdera elles ligg til rette for sviing. Uansett er det i restaurering av gammal lyng i degenerasjonsfasen enda viktigare enn elles og ikkje svi for store område om gongen. Dette fordi det er mindre frø i bakken og vil ta lenger tid før ny lyng etablerer seg. Vanligvis tar det 3-5 år før ny lyng har etablert seg etter sviing. Det er viktig at det er nok vinterbeite til tal sauene.



Utfordringer ved gjennomføring av sviing

Slik det ser ut for landbruksforvaltninga i Fitjar så er det fleire årsaker til at det vert svidd mindre lyngbeite enn ynskjeleg.

- Det er for få som har erfaring og er trygge på prosessen med å svi lyng.
- Mange lyngbeiter er i attgroing. Desse er ein større utfordring å svi enn lyngbeite som er i drift.
- Klimatiske utfordringer gir færre perioder med kaldt og tørt vær i vinterhalvåret.
- I tørre vintre har det vore gitt forbod om brenning i heile kommunen grunna stor fare for skog- og utmarksbrann. Dette har ofte falt saman med periodar som har vore vurdert som gunstige for lyngsviing.

Tiltak for å få gjennomført meir sviing

For å få meir sviing, godt samarbeid med brannetat og landbruk og mindre risiko for ukontrollert brann i samband med planlagt sviing ynskjer vi å:

- Lage ein risikovurdering ved planlagt sviing av alle øyer i Fitjarøyane.
- Grunnlag for å vurdere risiko er geografi, vegetasjon, beitepress, aktiv sviing og branngater og bygningsmasse.
- Kartlegge historie og personleg kompetanse og ressursar på sviing blant brukarar/eigare knytt til konkrete områder.
- Arkivere utarbeida planer for sviing av konkrete områder.
- Kartlegginga skal lagrast i datasystem som enkelt kan nyttast av både brannetat og av landbruksforvaltning i kommunen.
- Legger til grunn at rutinar gitt av lokalt brannvesen i tillegg til sentrale retningslinjer vert følgt.
- Avklaring med brannvesenet er ein del av naudsynt planlegging og må gjerast i god tid før planlagt sviing.



Fjorten punkter om lyngbrenning av Mons Kvamme.

- Lyngbrenning har vært en integrert del av kystlandbruket gjennom 4000 år frem til 2. verdenskrig.
- Brenningen ble utført for å opprettholde førkvaliteten på lyngheibetene som husdyra kunne utnytte hele året.
- Brenningen sørget også for at beitene ikke grodde til med einerbusker og annet kratt.
- Lyngbrenning ble alltid utført i vinterhalvåret/tidlig vår for ikke å skade røtter og frø i jordsmonnet.
- Lyngbrenning ble gjennomført kontrollert på begrensede felt som skapte en mosaikkstruktur i landskapet. Dette ga de beste beitebetingelsene.
- Slik mosaikkstruktur gir også et høyt biologisk mangfold.
- I dag har de fleste glemt teknikken med hvordan man brenner lyng på en kontrollert måte.
- Landskapet har grodd til med gammel lyng og kratt på grunn av manglende utmarksbeite. Brannen får derfor en voldsom kraft når den kommer ut av kontroll.
- Mange bønder har gått på kurs i de senere år for å lære teknikkene med å brenne kontrollert, også når det begynner å bli tørt om våren.
- Myndighetene ønsker å ta vare på et representativt utvalg av lyngheiene langs hele kysten.
- Kystlyngheiene lar seg ikke bevare uten aktive bønder som brenner lyng.
- Mange gårdsbruk har fått utarbeidet skjøtselsplaner som omfatter at de skal brenne lyng som en del av driften.
- Lokale brannmyndigheter samarbeider med villsauholdere flere steder om lyngbrenning. På den måten får brannmannskapene nødvendig trening og erfaring med landskapsbranner.
- Et åpent kystlandskap med velholdte lyngheier hvor gjengroingen holdes i sjakk, er forebyggende brannvern.



Risikovurdering – forklaring på fargekoder og verdier

Tabell 1. Risikovurdering knytt til planlagt lyngsviing i perioden 15.november til 15.april.

| | |
|------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| | ingen risiko for skade på bygninger og kabler ved brann. |
| | Liten risiko for ukontrollert brann ved planlagt sviing av kystlynghei |
| | Moderat risiko for ukontrollert brann ved planlagt sviing av kystlynghei |
| | Risiko for ukontrollert brann ved planlagt sviing av kystlynghei. Treng avbøtande tiltak. |
| bygningar | Bygningar representerer ein stor verdi. Vurdering av risiko for tap av bygningar er vurdert i skala frå ingen: 0, liten: 1, middels: 2, stor: 3, svært stor: 4. |
| kablar | Transformatorar, straum og telefon kablar i luft. Vurdering av risiko for skade er vurdert i skala frå ingen: 0, liten: 1, middels: 2, stor: 3, svært stor: 4. |
| vegetasjon | Attgroing av utmark og lynghei aukar risiko for ukontrollert brann. Beiting av innmark og utmark reduserer risiko for ukontrollert brann. Risikoen vert vurdert som 1: det meste av lyng- og utmarksbeite er nedbeita og godt skjøtta. 2: Store deler av lyng- og utmarksbeite er nedbeita og godt skjøtta, men ikkje alt. 3: deler av lyng- og utmarksbeite er nedbeita og godt skjøtta. 4: preg av attgroing. |
| Risikovurdering | konsekvens: Tap av bygningar og kabler. Sannsynlighet: Bygningar og kabler sin plassering i forhold til lynghei og utmark. attgroing og vegetasjon i lynghei og utmark auker risiko for ukontrollert brann. Naturlege branngater og branngater i form av nedbeita jordbruksareal reduserer risiko for å miste kontroll ved lyngsviing. Risikovurdering fordelt som blå, grønn, gult og rødt: verdi som kan gå tapt mot sannsynlighet for hendelse vert samla i ein risikovurdering. |

Tabell 2. Beregna samla risiko med grunnlag i attgroing (1-4) X skadepotensiale på bygningar og kabler (0-8). Forklaringing på fargekode og tal på side 10.

| Gnr. | Stadnavn | Vegetasjon (tilstand) | Fare for skade | | samla risiko | Merknad |
|-------|-------------|-----------------------|----------------|--------|--------------|--------------------------|
| | | | bygninger | kabler | | |
| 13 | Nordfonno | 3 | 2 | 1 | 9 | |
| 14 | Sørfonno | 1 | 1 | 2 | 3 | |
| 14 | Teløy | 4 | 2 | 2 | 16 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 15 | Smedholmen | 2 | 1 | 2 | 6 | |
| 15/16 | Eldøy | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| 16 | Gløppholmen | 2 | 3 | 0 | 6 | |
| 17 | Engesund | 3 | 2 | 3 | 15 | |
| 17 | Skatholmen | 4 | 3 | 1 | 15 | |
| 17 | Flatholmen | 2 | 3 | 0 | 6 | |
| 17 | Dyrholmen | 1 | 0 | 1 | 1 | |
| 17 | Porsholmen | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| 18 | Ivarsøy | 2 | 3 | 3 | 12 | |
| 18 | Avløypet | 4 | 4 | 3 | 28 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 19 | Langøy | 1 | 2 | 0 | 2 | |
| 20 | Bukkholmen | 2 | 3 | 1 | 8 | |
| 20 | Håbåholmen | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| 21 | Siglo | 2 | 3 | 1 | 8 | |
| 21 | Slåttholmen | 2 | 2 | 3 | 10 | |
| 22 | Torsdagsøy | 2 | 2 | 1 | 6 | |
| 22 | Flatøy | 4 | 4 | 0 | 16 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 23 | Eggøy | 1 | 3 | 2 | 5 | |
| 24 | Eidøy | 4 | 3 | 2 | 20 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 25 | Hanøy | 1 | 2 | 0 | 2 | |
| 25 | Klammerøy | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| 25 | Urdsøy | 4 | 0 | 1 | 4 | |
| 34 | Soløy | 4 | 2 | 2 | 16 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 36 | Saugholmen | 2 | 2 | 2 | 8 | |
| 36 | Vassøy | 3 | 0 | 0 | 0 | |
| 36 | Tverderøy | 2 | 2 | 3 | 8 | |
| 37 | Natterøy | 4 | 3 | 1 | 16 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 38 | Tranøy | 4 | 4 | 2 | 24 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 38 | Bårholmen | 2 | 2 | 1 | 6 | |
| 39 | Arholmen | 2 | 2 | 3 | 10 | |
| 39 | Dalen | 2 | 2 | 1 | 6 | |
| 40 | Hatlevik | 2 | 2 | 2 | 8 | |
| 41 | Kuvikjo | 2 | 2 | 2 | 8 | |
| 44 | Tangen | 3 | 2 | 2 | 12 | * sjekk avbøtande tiltak |
| 45 | Hamn | 2 | 2 | 2 | 8 | |
| 46 | Sætravikjo | 2 | 2 | 2 | 8 | |
| 47 | Straumøy | 2 | 3 | 1 | 8 | |
| 48 | Hjelmen | 4 | 3 | 0 | 12 | * sjekk avbøtande tiltak |

Områdeskildring i samheng med risikovurdering ved lyngsviing

Tabell 3. Organisert etter gardsnummer og namn kystgard

Gnr.13 Nordfonno

På austsida ligg dei 2 gardane+ 1 eldre husmannsplass og to brygger.

Beitedyr(storfe og sau) frå Sør-Fodno gjer at jordbruksareal rundt husa er nedbeita og fungerer som branngate.

Rundt jordbruksarealet og bygningar er det mykje vegetasjon (lauvtre). Det er lenge sidan kystlynghei på vestsida har vore brent. Myrområdet mellom lynghei og bygningar fungerer og som branngate.

Eigarar har liten erfaring med sviing. Leigetakarane av utmarksbeite har erfaring med sviing bl.a frå Sørfonno.

Straumledning (låg spenning) frå Sørfonno til hus har god avstand til lynghei.

Kystlynghei: kystlynghei og utmark bør brennast kontrollert så snart vêrforhold ligg til rette for å redusere risiko for ukontrollert sviing.

Risikovurdering: Moderat risiko

Gnr.14 Sørfonno

Dei to bryggene ligg på vestsida med køyreveg for traktor og ATV. Det ligg fleire fritidsbustader knytt mot sjø på vestsida og dei 5 landbrukseigedomane ligg inne på øya med jordbrukslandskap rundt. Storfe og sau beiter både utmark og innmark og anna jordbruksareal vert skjøtta. Det er mykje vegetasjon i områda mot aust og sør. Planta granskog (sør-vest) og lauvskog(sør-aust).

Eigarar av landbrukseigedomar har mykje erfaring med sviing.

Straumledning går frå skulehuset mot lyngbeite på vestsida.

Kystlynghei: Lyngbeite frå Teløysundet mot Ramnaberget er jamleg svidd og forbunde med liten risiko å svi. Lyngbeite på Tangen er gamal og i attgroing. Område grenser for det meste til sjø, men og til planteskog i vest. Område bør sviast når vêrforhold ligg til rette, slik at risiko for ukontrollert brann er minimal.

Risikovurdering: Liten risiko

Gnr.14 Teløy

Det er to hytter på kvar sitt nes i nord/aust. I sør er det friområde. Sporadisk beiting med geit og sau, men det er og mykje vegetasjon, kratt, einer og buskfuru. Eigare av landbrukseigedomar har erfaring med sviing.

Straumledning går over øya i sør.

Kystlynghei: Lynghei i nordenden er i attgroing og ein risiko for dei to hyttene. Område bør sviast kontrollert når været tillet det. Planlagt sviing vil redusere risikoen for skogbrann.

Risikovurdering: Risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.

Gnr.15 Smedholmen

Kystgarden med alle hus er freda og under restaurering. Permanent brygge knytt til tunet og flytebrygge knytt til Friluftsområde. Øya vert heilårsbeiting med sau dvs at jordbruksareal er nedbeita. Granskog er hagd og fjerna. På vestsida rundt tunet er det lauvtre og anna vegetasjon. Jordbrukslandskap, lauvtre og kystlynghei. Bondholmen er dominert med gamal buskfuru. Den vert sporadisk beita med geit. Ingen bygningar. Inn og utmark vert skjøtta med beiteavtale mellom kommunen og sauebonde. Sviing er del av naudsynt skjøtsel av kystlyngheia på Smedholmen.

Straumledning går frå Teløy til transformator på Smedholmen. Vidare ledninga over Svelto mot Kalvaneset.

Kystlynghei: Mindre område er svidd i seinare tid. Opne områder i nord og aust kan sviast utan risiko. Områder nær bygningane i vest må planleggast deretter.

Risikovurdering: Liten risiko

Gnr.15 og 16 Eldøy

Ingen bygningar, men ei enkel steinbrygge. Heilårsbeiting med sau og jamleg sviing av område på nordsida. Sørleg del har ein del blandingsskog i sør og mot sjø i sør-vest.

Kystlynghei: Kystlyngbeite i nord er godt skjøtta med beiteavtale mellom kommunen og sauebonde. Det er ingen risiko ved planlagt sviing på Eldøy

Risikovurdering: Ingen risiko

| |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Gnr.16 Gloppholmen Lita øy med husmannsplass og nyere fritidshus. Heilårsbeiting med sau. Små teigar med jordbruksareal rundt tunet i nord vert nedbeita og gir godt fungerande branngate mot utmark. Utmark med blandingsskog, myr og berg. Kystlynghei: lynghei i attgroing med lauvtre i sør. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.17 Engesund Gamalt gjestgiveri med gardstun i tillegg til to husmannsplassar og fleire fritidsboliger på sør-aust sida. Heilårsbeiting med sau og slått av jordbruksareal. Jordbruksareal rundt gardshus og husmannsplassane er godt skjøtta og fungerer som branngate mot utmark. Det er blandingsskog i sørlig del og mykje vegetasjon på heile øya. Brukar har erfaring med sviing frå Dyrholmen og Porsholmen. Straumledning går frå Teløy i aust til Ivarsøy i vest. Vidare går det ledninger til tunet for og gå som lågstraum til Skatholmen og Gassen. Kystlynghei: lynghei i nord er attgrodd med einer og buskfuur. Usikkert når det har vore svidd her. Område grenser mot sjø og kunne med fordel vore restaurert. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.17 Dyrholmen Fleire husmurer og ein uteflor i stein. Enkel steinbrygge Trafostasjon er kome i seinare tid. Heilårsbeiting med sau. Usikker på beitetrykk. Jordbruksareal rundt husmurer, resten av øya er open med velskjøtta kystlynghei. Brukar har mykje erfaring med sviing. Trafostasjon er plassert ved sjøen mot Kobbavika. Kystlynghei: lyngheia vert jamleg svidd og område er enkelt og svi. Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>Gnr.17 Porsholmen Ingen installasjonar eller bygningar. Open fin lynghei i skjøtsel med beiting og sviing. Brukar har mykje erfaring med sviing. Kystlynghei: Ingen risiko Risikovurdering: Ingen risiko</p> |
| <p>Gnr.18 Ivarsøy Fleire kystgardar med sjøbruksmiljø i tillegg til eit hytteområde rundt innmarka i nord. Her er heilårsbeiting med sau som held grasbakkane velskjøtta og dempar faren for spreieing av brann til bygningar. God brygge. Mellom jordbruksareal og open utmark med berg og lyngbeite er det lauvskog. Sitkagran er fjerna. Heile Sætravåg i sør er open lyngbeite utan bygningar. På Ivarsøyneset på vestsida er det bygningar med mykje vegetasjon rundt. Straumledning går frå nord-aust, over til Arholmen på vestsida. Det går og eit strekk frå nord-aust sørover til Straumøy og til Avløype i vest. Kystlynghei: lyngbeite vert svidd jamleg av brukar. I Sætravågen er det høg steingard som grenser til lynghei i Sætravåg. Her er ingen risiko forbundet med sviing. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.18 Avløypet På husmannsplassen er det idag mange fritidshus. Her er ikkje beitedyr, utanom enkelte streifsauer fra Ivarsøy. Sitkagran og vegetasjon. Frå trafostasjon i aust går det ledning (låg spenning) til bygningane på Avløype og til Ivarsøyneset. Kystlynghei: Her er ikkje aktiv sviing. Risikovurdering: Risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> |
| <p>Gnr.19 Langøy Friluftsrådet eig øya med gardstun. Her har aldri vore elektrisitet. Notabu og brygge på vestsida av Langøyvågen. Heilårsbeiting med sau held graset nede på jordbruksareal som ligg rundt tunet. Lynghei, fjell og myr rundt. Sitkagran er fjerna Kystlynghei: All lyngbeite er svidd i seinare år i regi av Venelaget for Langøy. Seinast i 2019.</p> |

| |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>Gnr.20 Bukkholmen 2 kystgarder med tilhøyrande sjøhus i tillegg til 2 hytter og 2 brygger. Heilårsbeiting med sau. Jordbruksareal rundt hus. Lynghei i nord. Skog og attgrodd lynghei i sør. Straumleidning (lågstraum) frå sør til bygningane. Kystlynghei: mindre del er svidd er seinare tid. Nes i nord-vest og i nord-aust kan sviast utan risiko. Lyngområder i nærheten av bebyggelse må planleggast nøye. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.20 Herborgsholmen Ingen bygninger eller installasjoner. Kystlynghei: Lyngbeite vart svidd i 2019. Ingen risiko forbundet med sviing. Risikovurdering: Ingen risiko</p> |
| <p>Gnr.21 Siglo 4 kystgarder med naust og sjøhus i tillegg til eit par hytter. Brygge i sørende. Aktiv jordbruksdrift med heilårsbeiting med sau frå to føretak. Jordbruksareal rundt hus fungerer som branngater. Stor sitkagran rundt innmark og skog med bartre i nord-aust. Fin lynghei i nordvest. Fleire holmer høyrer til Siglo. Straumleidning (lågstraum) frå sør vidare til bygningar. Kystlynghei: lyngbeite i vest er i god skjøtsel. God planlegging av sviing representerer liten risiko. Bruker har erfaring med sviing. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.21 Slåttholmen Hus og hytte ved jordbruksareal. Beitedyr held jordbruksareal nedbeita slik at det fungerer som branngate. I utmark er det lokaliteter med gran og buskuru. Straumleidning går over øya frå nord til sør. Kystlynghei: mindre områder av lyngbeite er svidd, men mykje er grovt og i attgroing.. Eiger har erfaring med sviing Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.21 Litla Siglo Kystlynghei: Open kystlynghei Risikovurdering: Ingen risiko</p> |
| <p>Gnr.22 Torsdagsøy 2 gardshus i klynge med uthus og sjøhus i nord. Molo og flytebrygge på nordsida. Heilårsbeiting med sau held innmarka nedbeita. Jordbruksareal i tilknytning til bygninger. Mellom innmark og utmark er det lauvtre. Straumlinje (lågstraum) frå Kyrkjesundet i nord til hus. Linja går ikkje over aktuelt område for sviing. Kystlynghei: Open lynghei. Mykje er svidd i seinare år, men noko attstår. Områda på austsida og heile sørdelen er risikofri og svi. Bruker har mykje erfaring med sviing. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.22 Flatøy Lita øy med eldre bebyggelse og fleire hytter. Ingen beiting. Kystlynghei: gamal lyng og i attgroing. Avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing. Risikovurdering: Risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> |
| <p>Gnr.23 Eggøy Gardstunet og ei hytte ligg midt på øya i tilknytning til jordbruksareal. Brygge på vestsida. Heilårsbeiting med sau og geit. Jordbruksareal strekker seg som ei branngate tvers over øya frå sørvest til nordaust. Lyngheia strekker seg mot nord og sør på begge sider av nedbeita grasmark. All sitkagran er hogd. Linje</p> |

| |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>med låg spenning går frå Kyrkjesundet til hus og hytte. Den går vidare over lyngbeite mot aust.</p> <p>Kystlynghei: Godt skjøtta kystlynghei i nord og sør. Det har vore jamn sviing i seinare tid.</p> <p>Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>Gnr.24 Eidøy</p> <p>2 gardstun ligg samla inne på øya, med sjøbruksmiljøet og brygge i sør. Det er ikkje beiting eller jordbruksdrift.</p> <p>Planta sitkagran og lauvtre rundt innmark. Sitkagrana sprer seg til lyngheia rundt. Lynghei i nord og i sørvest. Ingen sviing i seinare tid. Straumlinje kjem frå Soløy til transformator sør på Eidøy. Lavstrøm linje går vidare til hus, men og ei line over lynghei mot vest.</p> <p>Kystlynghei: Kystlynghei i område rundt innmark er infisert av tre og må planleggast godt før sviing. Område vest for Eldøysanden er enkel og svi og ingen risiko for å miste kontroll. Avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> <p>Risikovurdering: Risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> |
| <p>Gnr.25 Hanøy</p> <p>Gardstun fordelt på to nivå med nedbeita jordbruksareal rundt tun. Brygge ved tunet i søraust. Lynghei, fjell og myr i nord og vest. På innmark og utmark er godt skjøtta og ingen attrøing. Her er ikkje planta barskog, men det er eindel lønn og andre lauvtre. Heilårsbeiting med sau. Svakstraumlinje frå aust til tunet er ingen utfordringen for sviing.</p> <p>Kystlynghei: Lyngbeite er jamt svidd i seinare tid. Brukar har god erfaring. Det er eit enkelt område å brenne.</p> <p>Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>Gnr.25 Klammerøy</p> <p>Sporadisk beiting</p> <p>Kystlynghei: Svidd i seinare år. Ingen risiko ved sviing.</p> <p>Risikovurdering: Ingen risiko</p> |
| <p>Gnr.25 Urdsøy</p> <p>Utmark og buskfuru. Ingen beiting.</p> <p>Kystlynghei: Lite lyng grunna planting av buskfuru. Lågstraumledning går over nordenden på øya. Liten risiko utover buskfuru ved sviing.</p> <p>Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>Gnr.34 Soløy</p> <p>Ei hytte ligg inni granskog mot sjø i nord aust. Ingen beiting eller anna skjøtsel av lyngbeite og utmark. Eindel vegetasjon mot sjøen i tillegg til planta gran inne på øya i nord. Straumledning går over øya frå nord til sør, men nær sjø på austersida.</p> <p>Kystlynghei: Soløy har vore ei beiteøy med lyngbeite. Er i attgroing, men kan restaurerast om ynskjeleg. Enkelt å svi, men må lagast branngate mellom hytte og utmark.</p> <p>Risikovurdering: Risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> |
| <p>Gnr.36 Saugholmen</p> <p>Lita øy med ein kystgard i nordende. Naust og brygge i nord-aust. Heilårsbeiting med sau dei seinare åra held jordbruksarealet nedbeita. Det er både lauvtre og bartre i innmark og utmark. Lågtraumledning kjem frå nordenden på Tverderøy til bygningane.</p> <p>Kystlynghei: Lyngen har ikkje vore svidd i seinare tid. Bruker har erfaring med brenning.</p> <p>Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.36 Tverdarøy</p> <p>Eit gardstun i sør og eit i nord. Skulehuset som no er fritidshus ligg og i nord. Nedbeita jordbruksareal i sør med gran i grensa mellom tun og utmark. Eindel gran er fjerna. I nord er det mykje naturleg vegetasjon grunna lite beitepress. Straumledning går frå transformator i nord, over lyngbeite til sørenden. Lågstraumlinje til hus og hytter i sør.</p> <p>Kystlynghei: Open kystlynghei midt på øya bærer preg av mange års beiting, men ingen sviing. Det bør lagast gode branngater mot gardstuna i sør og i nord før lyngbeite vert svidd.</p> |

| |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p>Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.36 Vassøy Stor beiteøy utan beiting i seinare tid. Eindel gran mot vest. Kystlynghei: Ingen risiko ved sviing. Risikovurdering: Ingen risiko</p> |
| <p>Gnr.37 Natterøy To kystgardar og ei hytte i nordenden. Ingen beiting i inn- eller utmark. Rundt innmark er det lauvtre og anna vegetasjon. Straumleidning går over øya, heilt i nord. Kystlynghei: Store områder med kystlynghei i sør. Ved branngater mot tunet i nord vil det være lite risikofylt å svi store områder i sør. Risikovurdering: risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> |
| <p>Gnr.38 Tranøy Mange fritidhus konsentrert på Tranøyneset i aust. Det er både planta gran og naturleg lauvtre i aust rundt jordbruksareal og bebyggelse. Det er ikkje beitedyr eller har vore svidd i seinare tid. Straumleidning går over øya frå vest til bebyggelse og to transformatorar i på austsida. Kystlynghei: Det er utmark og lyngområder i nord og vest. Store områder er uproblematiske å svi pga sjø og natulege branngater. I sørvest bør det lagast branngate mot hytter og hus før brenning. Idag er det brannfare utenom sesong for sviing grunna mykje vegetasjon og mange bygninger. Risikovurdering: Risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.</p> |
| <p>Gnr.38 Bårholmen Lita øy med ein kystgard. Bygningane ligg ved nedbeita jordbruksareal. Heilårsbeiting med sau og jamleg sviing av utmark og lyng. Det er fjerna planta gran. Lågstraumleidning kjem frå Tranøy i sør til bygningane. Kystlynghei: Lyngbeite vert svidd jamleg av brukar merd erfaring. Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>Gnr.39 Arholmen Lita øy med ein kystgard. Bygningane ligg ved nedbeita grasdekt jordbruksareal. Her er utegangersau som beiter heile året og held vegetasjonen nede. Straumleidning kjem frå Ivarsøy og går vidare nord til Slåttholmen. Kystlynghei: Usikkert når lyngbeite sist var svidd. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |
| <p>Gnr.39 Dalen Rekkjetun med to kystgardar ligg i tilknytning til nedbeita jordbruksareal. Nord for tunet er utmark med lyng og nokre grupper med store sitkagran. Heilårsbeiting med sau. Lågstraumleidning går over øya frå nord til sør. Lågstraumleidning kjem frå Hatlevik i sør til rekkjetunet. Kystlynghei: Kystlyngbeite er ikkje svidd i seinare tid. Utmark med lyng ligg nord for gardstunet og er eit enkelt område å svi. Her er ingen bygg og område grenser til sjø. Fitjarøyane beitelag har mykje erfaring med sviing. Risikovurdering: Liten risiko</p> |
| <p>40 Hatlevik Fleire kystgardar og hytter ligg på vestsida i tilknytning til nedbeita jordbruksareal. Det er vegetasjon med lauv og bartre rundt innmarka, sjølv om mykje er fjerna. Heilårsbeiting med sau. Det er straumleidningar som kjem frå Tranøy i vest , frå Straumøy i aust, i tillegg til linja som går sørover. Lågstraumlinja ligg i bebygd område og utanom område med lyngbeite. Kystlynghei: Kystlyngbeite er ikkje svidd i seinare tid. Utmark med lyng på austsida er greit område å svi. Fitjarøyane beitelag har mykje erfaring med sviing. Planlagt sviing må ta hensyn til straumleidningar i område. Risikovurdering: Moderat risiko</p> |

41 Kuvikjo

To kystgarder og ei hytte ligg i tilknytning til nedbeita jordbruksareal på vestsida. Skulehuset ligg utmarka på nordsida. Sitkagrana i nordre Kuvik er fjerna, men det er vegetasjon med tre utanfor innmarka. Heilårsbeiting med sau. Lågstraumleidning mellom husa i Kuvikjo og Sætravik går over lyngbeite.

Kystlynghei: utmark med lyng ligg rundt tunet. Det har ikkje vore svidd i seinare tid. Sviing krev god planlegging, men er ikkje spesielt risikofylt sidan her er både vatn og sjø ein kan brenne mot. Fitjarøyane beitelag har mykje erfaring med sviing.

Risikovurdering: Moderat risiko

44 Tangen

Dei to gardane på Tangen ligg på austsida. Det er mykje vegetasjon med lauvtre og noko bartre rundt tunet. Beitetrykket er noko lågt. Lågstraumlinje går frå transformator til hus på Tangen. Linja går ikkje over lyngbeite.

Kystlynghei: Etter etablering av branngate mot innmark er det uproblematisk å planlegge og gjennomføre sviing av det store utmarksområde på vestsida.

Risikovurdering: risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.

45 Hamn

Dei to gardane i Fattigmannshavn ligg på austsida. Heilårsbeiting med sau held innmarka nedbeita. Lauvskog i område rundt gardstun. Utmark med berg og lyng strekker seg på austsida nordover. Straumlinja som går over Ålforo frå nord til sør stopper ved transformator og lågstraumlinje går vidare til hus.

Kystlynghei: Område har ikkje vore svidd i seinare tid. Fitjarøyane beitelag har mykje erfaring med sviing.

Risikovurdering: Moderat risiko

46 Sætravik

Dei to gardane i Sætravik ligg på austsida. Heilårsbeiting med sau held innmarka nedbeita. Lauvskog i område rundt gardstun. Utmark med lyng rundt innmark og lauvskog. Lågstraumleidning mellom husa i Sætravik og Kuvikjo går over lyngbeite. Transformatoren står i utmark der straumlinje frå nord til sør krysser lågstraumlinja.

Kystlynghei: Område har ikkje vore svidd i seinare tid. Sviing nordover er uproblematisk grunna grense mot vatn og sjø. Fitjarøyane beitelag har mykje erfaring med sviing.

Risikovurdering: Moderat risiko

47 Straumøy

Kystgarden ligg i tilknytning til nedbeita jordbruksareal i nordaust. Det er hus og uthus på vestsida i tillegg til ei hytte i utmarka sør på øya. Heilårsbeiting med sau. Grana er fjerna. Det er eindel lauvtre rundt jordbruksarealet. Straumlinje går over nordenden og her er og lågstraumnett til gardstunet og til Brakedal. Alt ligg i nordenden av Straumøy.

Kystlynghei: Eigar har gjennomført sviing dei siste 10 åra.

Risikovurdering: Moderat risiko

48 Hjelman


Kystgard og to hytter ligg i tilknytning til jordbruksarealet. Ingen beiting eller anna skjøtsel av utmark og lyngbeiter.

Kystlynghei: Lyngbeite er i attgroing. Område kan restaurerast med rydding og brenning. Sviing må planleggast god.

Risikovurdering: risiko for ukontrollert brann-avbøtande tiltak er naudsynt ved planlegging av sviing.

Kartfesta risikovurdering etter grad av attgroing og mogleg skade

- Grønn:** Minimal risiko for at planlagt sviing kan føre til ukontrollert brann som skader verdar.
- Gul:** Liten risiko for at planlagt sviing kan føre til ukontrollert brann
- Rødt:** Mykje vegetasjon gjer at sviing må planleggast godt.



Oppsummering

Brannetaten og landbruksforvaltninga i Fitjar, er samd i at vi har felles interesse av at det vert svidd meir lyngbeite. Kontrollert sviing er brannførebyggjande avdi det gir redusert fare for ukontrollerte brannar.

Kartlegging av risikomoment er gjort på den enkelte lokalitet og gir brannetaten betre grunnlag for å vurdere risiko ved planlagt lyngsviing.

Denne kartlegginga av risikomoment som vegetasjon, bygningar og andre installasjonar på kvart enkelt område vil gje brannetaten grunnlag for å gjere ei konkret vurdering og forenkle avklaring som brannetaten gjer når det vert søkt om godkjenning av plan for sviing av konkrete lyngbeite.

Det gir anledning til å opne opp for brenning på områder markert med blått og grønt dvs liten eller ingen risiko. Områder markert med orange eller raudt dvs moderat eller større risiko gir signal om at søkjar må ha plan for avbøtande tiltak.



Tekst: Fjorten punkt om lyngbrenning (Mons Kvamme)
Tekst og tabellar (Aase Rygg Nøttveit)
Alle foto: Aase Rygg Nøttveit